

INNBYDING TIL TVERRFJELLDILTEN 2020

Markane IL inviterer til:



Tverrfjelldilten, klassisk turrenn på 40 km

Seedingrenn til Birkebeinerrennet

Arrangementet inngår også i SSF Cup for junior.

Dato: Søndag 9.februar

Tid: Start klokka 12.00

Stad: Ullsheim - både start og mål vert her

Rennkontor: Ullsheim - opnar klokka 09.00 renndagen

Løype: Det vert også i år løype med to rundar. Meir info om løypekart, løypeprofil m.m. finn du på www.markane.no under Tverrfjelldilten i menyen.

Klasseinndeling: NSF sitt turrennreglement

Startkontingent: kr 380.- (inkluderer EMIT-brikke).

Påmelding: online påmelding via www.minidrett.no eller www.sportsadmin.no innan fredag 7.februar, klokka 23.59

Ved påmelding - hugs å oppgje; namn, fødselsdato, klasse, klubb, brikkenr. (om du har eiga brikke) og lisensnr. Birk-ID kan ikkje registrerast i påmeldingssystemet og må sendast i eigen e-post til monica@termopartner.no.

Etterpåmelding etter den sette fristen kan gjerast til Monica V. Halsteinslid på e-post monica@termopartner.no eller tlf. 416 840 66 mot eit gebyr på kr. 200,- innan klokka 10.00 på renndagen.

Betaling: Ved påmelding online.

Startlisens: Det er eit krav at alle deltakarane har gyldig startlisens til dette løpet. Du er sjølv ansvarleg for at dette er i orden. Eingongslisens må ordnast ved påmelding online eller på rennkantoret før start. Denne kostar kr 150,- (Kr 60 opp t.o.m. 25år)

Parkering på Ullsheim: kr 50.-

Premiering: Vert rett etter målgang. Premie til alle klassevinnarane, samt deltakarpremie til alle startande. Premie til beste tida for dame og herre, uansett klasse.

Overnatting: våre samarbeidspartnarar på overnatting finn du [her](#)

Ved eventuell avlysing av rennet gjeld følgjande:

- avlysing før sjølve renndagen - arrangør refunderer 50 % av betalt startkontingent

- avlysing i løpet av renndagen p.g.a. brått oppstått ver/ klimatiske forhold - som gjer det uråd å gjennomføre arrangementet, arrangøren beheld innbetalt startkontingent.

Velkomen!

